

STAD: SOLSTRAND HOTEL, OS

MØTETIDSPUNKT: 3. OKTOBER 2016 kl. 1000 – 1700

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Lise Strømme	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Lise Reinertsen

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og Regionalt brukarutval med følgjande agenda:

- Ventelistep praksis i Helse Vest, ved Linn Bæra
- Reservasjonsrett vs. samtykke, ved Grete Muller
- Medikamentfri behandling i Helse Vest, ved Pål Berger
- Brukarmedverknad i helseforskning, ved Linn Bæra
- Informasjon til styret om Interregionalt RBU og arbeidsform, ved Grete Muller
- Samval / Kunnskapsbasert praksis i praksis, ved Linn Bæra

Sak 106/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Lise Reinertsen hadde forfall til møtet.

Dokument som var ettersendt/delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt :

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:

- Oversikten over styresaker under arbeid
- Konsekvensar av streiken

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 107/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.09. 2016

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 7. september 2016.

Sak 108/16 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Sivilombudsmannen har i brev til Helse Stavanger HF, dagsett 08.09.2016, varsla at dei kjem på eit planlagt besøk til Psykiatrisk divisjon. Besøket vil vare i omlag tre dagar, og dato for besøket vil ikkje bli oppgitt i forkant av besøket.

Styret ønskja å få rapporten frå tilsynet utsendt så snart den ligg føre.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Styret ønskja ei orientering om kva endringar som ligg i ny forskrift om rettigheitar og bruk av tvang under opphald i institusjon for behandling, omsorg og rehabilitering av personar med rusmiddelproblem.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Styreleiarposisjon i Helse Stavanger HF

Styret blei orientert om at Stener Kvinnsland trekker seg som styreleiar i Helse Stavanger HF, grunna sjukdom. Arbeidsutvalet for val av nye styre blir kalla inn til eit møte om kort tid, for å avklare styreleiarposisjonen i Helse Stavanger HF.

5. Styresaker under arbeid

Styret viste til dei varsla sakene om avtalespesialistar og psykisk helsevern, og ba om at desse sakene blei lagt fram for styret i desember 2016. Sakene kan gjerne vere på eit overordna nivå, med delprosjekt for vidare arbeid.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 109/16 Rapportering frå verksemda per august 2016

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per august 2016 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 65 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 63 dagar. Ventande pasientar utan prioritet finn ein i hovudsak innan somatikken. Totalt var 1,2 prosent av dei som framleis venta ved utgangen av august pasientar utan prioritet (ned frå 1,6 % ved utgangen av juli).

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per august 2015 for poliklinisk behandling, og om lag på same nivå for innlagde døgnpasientar. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for barn syner eit tilnærma uendra nivå på talet genererte liggedøgn, og eit litt høgare poliklinisk aktivitetsnivå enn i 2015. Innan psykisk helsevern for vaksne er det vekst i talet utskrivne og høgare poliklinisk aktivitet.

Prosentdelen fristbrot for behandla var 1,9 % i august 2016. Når det gjeld korridorpasientar har tala vore positive i sommar, og delen på korridor var og på eit lågt nivå i august. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg og framleis på eit rimeleg lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 86 % innan somatikken og 84 % innan psykisk helsevern i juli 2016.

Helse Stavanger har framleis den lengste samla gjennomsnittlege ventetida for alle dei som har starta behandling. Helse Stavanger har den høgaste ventetida for behandla innan somatikk, BUP og PH vaksne. Innan TSB har Helse Stavanger hatt dei lågaste ventetidene i regionen. Helse Stavanger har og hatt dei største utfordringane med fristbrot av helseføretaka. Dei har framleis den største prosentdelen av fristbrota i regionen. Når det gjeld langtidsventande har Helse Stavanger tatt grep dei seinaste månadene, både i høve til dei som har venta meir enn 180 og 365 dagar. Korridorpasientar innan somatikken har og vore ei utfordring i Helse Stavanger.

I 2016 har det vore ei betring i talet korridorpasientar i helseføretaket etter at fleire tiltak har vore sett i verk. Epikrisetidane har og vore ei utfordring i Helse Stavanger. Dei har hatt den lågaste prosentdelen epikrisar utsendt innan 7 dagar både innan somatisk sektor og psykisk helsevern for vaksne.

Sidan desember 2010 har 5 909 medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Samanlikna med desember 2010 har 3 864 fleire medarbeidarar fått 100 % stilling og 2 045 har fått høgare stillingsprosent. Ved utgangen av august 2016 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 89,56 %.

Tal for sjukefråvær er ikkje oppdatert ved skrivefrist. Tala blir derfor presentert i styremøte.

Det økonomiske resultatet i august er kr 83,4 mill. som er kr 15 mill. betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 518,7 mill. som er kr 65,9 mill. betre enn budsjettert. Føretaksgruppa leverer ei samla prognose som er kr 180 mill. høgare enn resultatkravet.

Helse Stavanger har eit akkumulert budsjettavvik på tilnærma kr 51 mill. og eit faktisk resultat etter august månad på 1,8 mill. kr. Det er også negativt budsjettavvik i august. Helse Stavanger har arbeida systematisk med fleire tiltak og set no i gang ytterlegare tiltak for å redusere budsjettavviket. Det blir vist til kapittel 6.3 omstilling for nærare omtale av tiltaka.

Helse Førde har dei siste månadane hatt ei negativ resultatutvikling, som har forsterka seg ytterlegare i august månad. Hittil utgjer akkumulert budsjettavvik kr 13,3 mill. Hovudårsaka til avviket er lågare aktivitet enn budsjettert. Helse Førde er i ferd med å sjå på pasientstraumane for å sjå om det er endringar som forklarar nedgangen slik at dei kan sette inn målretta tiltak.

Samla investeringar per august er på kr 1,49 mrd. Dette utgjer om lag 61,9 % av budsjettert investeringsnivå i 2016. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Styret ba om eit kort notat til orientering om dei økonomiske konsekvensane av å snu pasientar frå døgn til dag i mottaksklinikk. Saka vil også bli teke opp med helse- og omsorgsdepartementet i fellesmøte med styreleiarar og AD-ar 5. desember.

Styret var uroa over det aukande talet på alvorlege hendingar i helseføretaka og peika på TMA trening på jobb som eit godt førebyggjande tiltak.

Styret blei orienterte om heiltidskultur og bemanningssenter i helseføretaka, og ønskja ein oversikt over utvikling på heiltidsstillingar frå månad til månad frå neste rapportering.

Styret blei også orienterte om møteverksemd knytt til sjukehusutbygging i Stavanger.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. august 2016 til etterretning.

Sak 110/16 Val av og blant dei tilsette – Oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF kan ha inntil ti medlemmer. Inntil sju medlemmer blir oppnemnd av føretaksmøtet. Føretaksmøtet utpeikar leiar og nestleiar.

I tillegg skal dei tilsette velje tre styremedlemmer med vara medlemmer jf. Føretaksmøtet 7. januar 2014. Med utgangspunkt i dei partsforhold som gjeld, deltek styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til forhandlingar, arbeidskonfliktar, rettsvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Styremedlemmane blir oppnemnde for to år om gongen. Same funksjonstid gjeld for styremedlem vald av og blant dei tilsette. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var per februar 2015.

Vedtak (samrøystes)

Valstyret for Helse Vest RHF, for valet i 2017, skal ha følgjande medlemmer:

- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Vest - leiar

- Hilde Cathrine Espeland, konserntillitsvald for YS, Helse Vest - nestleiar
- Hilde Christiansen, Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi, Helse Vest RHF

Sak 111/16 Orientering om regionalt prosjekt –registrering av tvang innan psykisk helsevern

Oppsummering

Saka gjer greie for arbeidet med å sikre felles rutinar for registrering av bruk av tvang innan psykisk helsevern.

Internrevisjonen gjennomførte revisjon av bruk av tvang innan psykisk helsevern i Helse Vest, jf. rapport av september 2014. Rapporten viste at helseføretaka hadde klare manglar særleg når det gjaldt å sikre korrekt måte å rapportere omfanget av bruk av tvang, og avdekte ulik registreringspraksis.

For å sikre lik regeltolking og samanliknbare tal etablerte Helse Vest våren 2015 eit regionalt kvalitetsforbetningsprosjekt «Sikre felles rutinar for registrering av bruk av tvang».

Styret presiserte viktigheita av arbeidet og at lik registreringspraksis er ein føresetnad for å standardisere nivået på tvangsbruk i føretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 112/16 Statusrapportering på overordna handlingsplan for internrevisjonen – Innkjøp i Helse Vest

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF blei i styresak 087/15 førelagt internrevisjonsrapport om innkjøp med tilhøyrande tilrådingar. I same styremøte vedtok styret i Helse Vest RHF i eiga sak (sak 088/15) ein overordna handlingsplan for å svare ut tilrådingane i internrevisjonsrapporten. Helse Vest Innkjøp (HIK) var under etablering då desse sakane blei lagt fram for styret i 2015, og det går fram av sak 088/15 at det er naturleg at Helse Vest Innkjøp skal følgje opp den vedtekne overordna tiltaksplanen. Statusrapporten (Vedlegg 1) synar at Helse Vest Innkjøp arbeidar systematisk med å lukke avvik frå internrevisjonsrapporten, og at ein i store trekk klarer å følgje vedtatt overordna handlingsplan for dette.

Det er oppfølging i kvart enkelt helseføretak i forhold til dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok rapportering på overordna handlingsplan for internrevisjonen «Innkjøp i Helse Vest» til vitande, og ba om at handlingsplanen fortsatt blir følgd tett opp.

Sak 113/16 Status etablering av Sykehusinnkjøp HF

Oppsummering

Denne saka gjer greie for arbeidet med å etablere Sykehusinnkjøp HF, og om planane for å overføre innkjøpsmedarbeidarar frå Helse Vest Innkjøp HF og eventuelt Helse Vest RHF til Sykehusinnkjøp HF.

Styret blei orienterte om prosessane i regionane, og presiserte viktigheita av gode prosessar med dei tilsette. Styret la vekt på at arbeidet må organiserast i divisjonar som handterer innkjøp i eigen region, inntil alle regionar er oppe med gode og operative løysingar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 115/16 Verksemdsoverdraging av EPJ forvaltning frå helseføretaka til Helse Vest IKT AS

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Innføring og vidareutvikling av felles regionale IKT-løysingar i Helse Vest stiller krav til ytterlegare samordning innanfor EPJ-området. Strategi for Felles EPJ fram mot 2020 har peika på at området bli meir komplekst og arbeidskrevjande. Det blir innført felles system innanfor fleire og fleire funksjonsområder. Identiske system blir satt opp likt og skal forvaltast på ein måte som skal sikre lik bruk på tvers av føretaksgrensene i Helse Vest. Vi treng å utvikle ei heilskapleg forvaltning der vi nyttar vår totale bemanningskapasitet og kompetanse på ein kostnadseffektiv måte.

Fase 1 av prosjekt Optimalisering av EPJ-forvaltning blei gjennomført i perioden mai 2015-februar 2016 på grunnlag av sak 12/15 i Direktørmøtet 13.04.2015 «Etablering av eining for forvaltning av felles journalløysingar i Helse Vest». I denne saka blei det tilrådd at ei felles forvaltningseininga vert etablert og lagt til Helse Vest IKT. Eit avgrensa utgreiingsarbeid måtte startast for å kunne realisere ei verksemdsoverdraging.

Styringsgruppa for prosjektet og deretter Direktørmøtet i Helse Vest har godkjent leveransane frå fase 1, samt slutta seg til at det vert arbeid vidare med ein ny fase som skal resultere i verksemdsoverdraging av utvalde oppgåver og personell knytt til forvaltninga.

Felles styresak om verksemdsoverdraging vert handsama i dei ulike styra etter fylgjande plan:

Føretak	Dato for styremøter
Helse Stavanger HF	20. september
Helse Vest IKT	21. september
Helse Førde HF	22. september
Helse Fonna HF	23. september
Helse Bergen HF	28. september
Helse Vest RHF	3. oktober

Den felles styresaka er behandla i styra i helseføretaka og Helse Vest IKT, og alle styra har gitt sin tilslutning til overdraginga.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner at det vert gjennomført overdraging av verksemd knytt til delar av EPJ-forvaltning frå helseføretaka til Helse Vest IKT AS.
2. Overdraginga skal gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtalar, jfr. Særleg Arbeidsmiljøloven §§16-1 – 16-17.
3. Styret ber helseføretaka i samarbeid med Helse Vest IKT om å gjennomføre verksemdsoverdraginga i god dialog med involvert personale.
4. Styret ber helseføretaka om å bidra til å gjennomføre verksemdsoverdraginga fortrinnsvis frå 15.10.2016 og seinast frå 01.11.2016.

Sak 114/16 Eventuelt

- **Oversikten over styresaker under arbeid**
Dette blei behandla under administrerande direktør si orientering pkt. 5.
- **Konsekvensar av streiken**
Styret blei orientert om situasjonen under behandling av sak 109/16 Rapportering frå verksemda per august 2016.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Skriv 01 - Brev frå Helse Vest til HOD, dagsett 220816 - Rapportering frå Helse Vest pr. juli 2016
- Skriv 02 - Kopi av brev frå Sivilombudsmannen til Helse Stavanger, dagsett 080916 - Besøk til Helse Stavanger, psykiatrisk divisjon
- Skriv 03 - Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Bergen, dagsett 290816 - Rapport frå tilsyn, Stopp sepsis
- Skriv 04 - Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Fonna, dagsett 290816 - Rapport frå tilsyn, Stopp sepsis
- Skriv 05 - Kopi av brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Stavanger, dagsett 010916 - Rapport frå tilsyn, Stopp sepsis
- Skriv 06 - E-post frå HOD til Helse Vest, dagsett 010916 - Oppdrag om antibiotikaresistens i oppdragsdokumentet 2016
- Skriv 07 - E-post frå Helse Vest til HOD, dagsett 060916 - Svar på oppdrag om antibiotikaresistens i oppdragsdokumentet 2016
- Skriv 08 - Møtereferat - Regionalt brukarutval 150616

Presentasjon av Sjukehusapoteka Vest HF

Styreleiar Maria Borch Helsingren og administrerande direktør Ola Rye presenterte status, resultat og utfordringar i Sjukehusapoteka Vest HF

Torunn Nilsen

03.10. 2016

Terje Vareberg Styreleiar

Sett:

Lise Reinertsen Nestleiar

Ohene Aboagye Medlem

Gunnar Berge Medlem

Tone Berentsen Steinsvåg Medlem

Olin Johanne Henden Medlem

Bente Sissel Pilskog Medlem

Lise Karin Strømme Medlem

Tom Guldhav Medlem